

## Retningslinjer for kjelde- og litteraturbruk

Godkjent av høgskuledirektøren 10.07.2018 med heimel i Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda 01.01.2015

### 1. Kjeldebruk

#### 1.1. Verkeområdet for retningslinjene

1.1.1. Retningslinjene gjeld for arbeid som utgjer eller går inn som del av arbeidskrav eller eksamenar utan tilsyn ved Høgskulen i Volda.

#### 1.2. Minstekrav til kjeldebruk

1.2.1. Alle direkte sitat skal markerast tydeleg i teksta, og det skal visast til kjelda som er nytta.

1.2.2. Dersom ein nyttar ei kjelde utan å sitere henne direkte, skal ein vise til kjelda. Det skal gå fram i teksta kvar ein har nytta kjelda. Ved tvil om korleis dette skal gjerast, skal studenten avklare dette med fagmiljøet sitt.

1.2.3. Litteraturlista skal innehalde nok informasjon til at ei kjelde kan leitast opp i etterkant av innleveringa. For alle kjelder som er brukt i oppgåva skal minimum desse opplysningane gjevast opp:

- forfattar/redaktør
- tittel på publikasjon/ del av publikasjon
- utgjevar
- årstal

1.2.4. For ytterlegare informasjon om kjeldebruk, sjå *Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda*, § 5-8

1.2.5. Kwart fagmiljø kan gi nærare reglar for kjeldebruk

### 2. Fuskesaker

#### 2.1. Prosedyre ved mistanke om fusk

2.1.1. Ved mistanke om fusk skal den som er ansvarleg for å godkjenne eit arbeidskrav eller sensurere eit eksamenssvar snarast råd gi melding til studiedirektøren. Meldinga skal innehalde arbeidet til studenten (arbeidskravet/eksamenssvaret), den ansvarlege si grunngjeving for meldinga og eventuell dokumentasjon for mistanken om fusk.

2.1.2. Studiedirektøren førebur saka for klagenemnda.

2.1.3. For ytterlegare informasjon om prosedyre ved mistanke om fusk, sjå *Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda*, § 5-10